

Sluttrapport:

- Er det ingen dikt om flyndre i den boka?

Tildelt beløp: 200 000

Prosjektlength: Toårig (skuleåra: 2018/19 og 2020/21)

Mål for prosjektet:

Tilby bibliotekbesøk til alle på 2. og 3. trinnet i grunnskulen der litteraturformidling er knytt opp mot kompetansemåla i norsk. Prosjektet skal understreke både biblioteket sin funksjon som stad for læring, og vere med å gjere elevane bevisst på eiga lesing og litteraturoppleving. Elevane skal gjennom ei rad samlingar, der det vert fokusert på ulike litterære sjangrar, vert fortrulege med bibliotekrommet, med bøker, med ulike litterære sjangrar og med dei tilsette.

Prosjektet er gjennomført som eit samarbeid mellom folkebiblioteket og dei fem grunnskulane i kommunen. Det er om lag 75 elevar på kvart trinn.

Gjennomføring

1.prosjektår (skuleåret 2018/19):

Prosjektet starta opp i august 2018. Då hadde vi på førehand utarbeida ein katalog med ein kort presentasjon av tilbodet for det komande skuleåret. Alle kontaktlærarane på dei aktuelle trinna deltok på informasjonsmøte i mai der vi presenterte prosjektet. Alle skulane ynskte å delta i prosjektet.



For 2. trinnet planla vi totalt 5 samlingar dette skuleåret. 3 samlingar med fokus på dei litterære sjangrane: bildebøker, dikt og lettlesbøker. I tillegg til ei praktisk samling der elevane skulle bruke det dei hadde lært i løpet av året. Skuleåret skulle avsluttast med eit forfattarbesøk i mai.

Planen for 3. trinnet var nokolunde lik med totalt 4 samlingar dette fyrste året. 2 samlingar med fokus på litterære sjangrar: fagbøker og teikneseriar/grafiske romanar. Vi planla og eit forfattarbesøk og ei samling der elevane skulle få bruke noko av det dei hadde lært i praktiske oppgåver.

Katalog med presentasjon av samlingane og bokkasser -«sjangerbibliotek» tilpassa kvar enkelt samling - var klare ved skulestart. Dette gjorde at lærarane til ei viss grad kunne velje kva tid på året dei ynskte dei ulike samlingane. Kvar samling skulle vare i om lag 60 minutt og innehalde: «teori», samtale, høgtlesing, oppgåver og tid til å låne bøker. **Innan utgangen av mai 2019 hadde alle klassane på alle dei ulike skulane delteke på alle samlingane, og vi hadde totalt gjennomført 45 samlingar.**

Vi gjorde avtale med forfattarane Anna R. Folkestad om besøk på 2. trinnet, og Lisbeth Dreyer om besøk på 3. trinnet. Lisbeth Dreyer besøkte 5 klasser med opplegget «Konrad Kråkebolle» i

mai. Anna R. Folkestad ba om å få utsetje sitt besøk til august 2019. Vi byrja også med kunnskapsdeling ved at barnebibliotekaren ved Sogndal bibliotek hospiterte hjå oss ein dag i april 2019.

I mai henta vi inn evalueringar frå kontaktlærarane, og dette danna grunnlag for tilbodet neste skuleår. Alle dei inviterte klassane takka ja til å bli med det komande skuleåret. Både 2. trinnet som hadde vore med dette året, og dei «nye» som skulle opp på 2. trinnet frå hausten 2019.

2.prosjektår (skuleåret 2019/20):

Det var planlagt ein pangstart med «Høgtlesing er gøy» i veke 35 i 2019. Det skulle vere forfatterbesøk med Anna R. Folkestad i alle klassene på 2. og 3. trinnet, besøk på lærarrom og eit kveldsarrangement for føresette.

I august 2019 måtte vi av personalgrunnar søke Nasjonalbiblioteket om utsetting av prosjektgjennomføringa til skuleåret 2020/21. Søknaden vart innvilga i august 2019.


Skuleåret 2020/21:

Denne utsettinga viste oss mellom anna kor viktig det er med kontinuitet i arbeidet. Utsettinga av prosjektet gjorde at vi ikkje fekk fylgt dei same to årskulla som tenkt i søknaden. Dei pedagogiske opplegga for dei to ulike årstrinna kunne ikkje bygge på kvarandre og måtte gjennomarbeidast på nytt. Nye lærarar måtte også informerast og inviterast med i prosjektet.

Den praktiske gjennomføringa av dei pedagogiske opplegga starta derfor ikkje opp att før vinteren 2021. Restriksjonar i samband med covid19 gjorde og at vi måtte tenke annleis. Til

dømes vart den planlagde oppstarten frå august 2019 omgjort til digitale forfattarmøte i biblioteket og i klasseromma. Arrangement for vaksne måtte gå ut då det ikkje var mogleg å halde fysiske arrangement.

Det er vinteren og våren 2021 derfor gjennomført ei revidert utgåve av aktivitetsplan som var skildra i søknaden. Det er gjennomført 3 samlingar for 2. trinnet og 2 for 3. trinnet. Samlingane dette året er framleis knytt opp mot kompetansemål i norsk men ikkje like mykje knytt opp mot sjangrar. Det er innvilga flytting av midlar til hausten 2021 i håp om at smittesituasjonen gjer det mogleg å gjennomføre 2-3 fysiske forfatterbesøk då. Hospitering og liknande har og vore umogleg å gjennomføre dette skuleåret. **Innan utgangen av mai 2021 hadde alle klassane**



på alle dei ulike skulane delteke på alle samlingane, og vi hadde totalt gjennomført 25 samlingar.

Måloppnåing

Alle dei aktuelle klassene deltok i prosjektet. Dei pedagogiske opplegga var forankra i kompetansemåla frå Utdanningsdirektoratet, men vart naturleg nok litt ulikt nytta i undervisinga i den enkelte klasse. Gjennom evalueringa ga lærarane uttrykk for at opplegget høvde godt til læreplanen i, tillegg til andre tilbakemeldingar som:

- Ga nye vinklingar til læring
- Ga elevane trening i å snakke om litteratur
- Auka interesse for lesing generelt, særleg blant svake elevar
- Førte til auka bibliotekbruk blant lærarane i høve andre tema i andre fag
- Auka litteraturkunnskap
- Auka utlån
- Bevisste lånarar som veit kva type bøker dei vil ha (auka ventelister)



Det andre prosjektåret viste oss likevel at vi må vere opne for endringar og tilpassingar for å nå måla våre. Personalsituasjon, kommuneøkonomi og ikkje minst ytre tilhøve som covid19 gjorde at nytenking måtte til.

Erfaringsutveksling i fyrste prosjektår viste seg å vere viktig når smittesituasjonen i 2020/21 gjorde tilsvarande erfaringsutveksling umogeleg å gjennomføre.

Eit eksempel på endring som måtte gjerast: Strammare kommuneøkonomi førte til at bibliotekfilialar vart nedlagt i prosjektperioden. I kommunen har grunnskulane ulik avstand til folkebiblioteket, for nokre er det gå-avstand mens det for andre er 30 minutt å køyre. Eit av hovudmåla i prosjektet var at alle elevane uansett avstand skulle få den tilnærma same opplevinga av å vere bibliotekbrukar. Gjennom prosjektperioden vart altså begge bibliotekfilialane nedlagt. Det gjorde dette målet vanskeleg å oppnå. Sjølv med noko transport av elevar til hovudbiblioteket må ein del av opplegga gjennomførast ved at ein bibliotekar reiser til skulane. Dette gjer sjølv sagt at ein ikkje når målet om at alle vert like godt kjend i hyllene på folkebiblioteket, samtidig som det vert enno viktigare å motivere for å bruke tilbodet på fritida.

Uavhengig av problem med gjennomføring av andre prosjektår, er det sett fokus på bibliotek, på lesing og på ulike litterære sjangrar i alle klassene. Mange av elevane er meir bevisste på eiga lesing og bruken av biblioteket, noko som viser igjen i førespurnadar på fritida.

Vidareføring

Prosjekt som dette er både ressurs- og tidkrevjande å gjennomføre. Samtidig er det viktig for Gloppen folkebibliotek å nå alle elevane med den same informasjonen og bibliotekopplæring. For oss er dette enklast å nå gjennom eit kontinuerleg, tett, respektfullt og gjensidig samarbeid med den enkelte skule.

Vi planlegg difor å innarbeide innhaldet i dette prosjektet som ein fast del av tilbodet vårt til grunnskulane. Tilbodet må likevel skalerast ned noko for at det skal la seg gjennomføre.

Frå komande skuleåret ser vi for oss å ha tilbodet TRYGG START som eit fast tilbod:

1. trinnet: TRYGG START – ynskt velkomne til biblioteket
2. trinnet: TRYGG START – bli godt kjend med bøkene
3. trinnet: TRYGG START – bli kjende med seg sjølv som lesar

TRYGG START vil innehalde fleire element frå det avslutta Flyndreprosjektet. Tal samlingar vil variere, og forfattarbesøk vert det når vi klarer å finne midlar til det. Målet vil framleis vere å nå alle elevane på desse trinna i kommunen med den same tilbodet og den same informasjonen.

Rekneskap:

Utgifter

Beskriving	1. år	2. år	Totalt for prosjektet
Forfattarbesøk	30 000	85 000*	115 000
Utarbeide katalog og pedagogiske opplegg (arbeidstidskostnad)	60 000	45 000	105 000
Gjennomføring, evaluering, administrasjon og prosjektstyring	126 500	78 000	204 500
Transport	3 500	12 000	15 500
Totale utgifter	220 000	220 000	440 000

Inntekter

Beskriving	1. år	2. år	Totalt for prosjektet
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket	100 000	100 000	200 000
Eigenfinansiering bibliotek og skule	120 000	120 000	240 000
Totale inntekter	220 000	220 000	440 000

Forfatterbesøk 2. år: 60 000 overført etter avtale med Nasjonalbiblioteket